



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Svanhild Aksnes, 5557 2152

Vår dato
06.05.2010
Dykkar dato
17.03.2010

Vår referanse
2010/2632 522.1
Dykkar referanse

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2010 00067	Doknr.: 111
Mottatt: 11 MAI 2010	
Saksbeh.: ASR/SEB/	Ark.: 410
Kopi:	Avskr.:

Høyringsuttale - Forskrift om nydyrking

Høyringssvaret frå oss kjem etter fristen den 30. april. Vi beklagar dette og viser til dialog mellom Steinar Sørli hjå oss og LMD kor vi har meldt frå om dette.

Fylkesmannen i Hordaland ved Landbruksavdelinga ber om at det ikkje vert sett forbod mot nydyrking av myr!

Stor del av det potensielt dyrkbare arealet i Hordaland er myr. Samanlikna med dei andre fylka er det relativt låg nydyrking av jord i Hordaland. Eit forbod mot nydyrking av myr vil truleg bremse strukturutviklinga og påverke rekrutteringa i landbruket. Vi ser at nydyrking av myr fører til auke i utslepp av både CO₂ og lystgass, men vi meiner ikkje at det er riktig innføre forbod mot nydyrking. På vestlandet er storparten av jorbruksarealet eng- og beiteareal med relativt lang omløpstid, og det kan då tenkast at vi har ein positiv nettobinding av karbon i jordbruksjorda her.

Jordens befolkning er aukande og i framtida treng vi meir landbruksareal. For å halda tritt med befolkningsauken må matproduksjonen auke. Det vil vera trong for å dyrke opp areal og i ein del tilfelle er det myr som er tilgjengelig. Me er redde for at eit slikt forbod vil gjera det vanskeleg for gardsbruk å ta i bruk dei ressursane dei rår over og såleis hindra auke i matproduksjon. Mykje grovfôr transporterast over større avstandar til gardsbruk allereie. Forbod mot nydyrking av myr vil føre til ei auke i slik transport og svekke dyrkingsressursane til mange gardsbruk. Mindre arealressursar til nydyrking/heimeprodusert fôr vil på sikt auka kraftfôrforbruket, då særleg i område med mykje myr som arealressurs. Dette kan ikkje vera ein ønska utvikling.

Det skjer stadig omdisponering av dyrka mark til andre formål enn jordbruk og sum jordbruksareal er i stadig nedgong. Forbod mot nydyrking av myr vil føra til at landbruksarealet i landet kjem til å gå raskare nedover enn det allereie gjer. Eit forbod kan og påverke rekrutteringa til landbruket negativt.

Anna omdisponering av myr enn nydyrking er det ikkje sagt noko om i høyringsbrevet. Kva utslippskonsekvensar får ein utbygging av myr til anna enn jordbruk (samanlikna med nydyrking)? Kan ein nytta slik utgraven masse frå myr på ein meir miljøvennleg måte? Skal det leggjast restriksjonar på nydyrking av myr, må slike også leggjast på anna omdisponering av myr.

Biologisk mangfald

Mange av raudlistearter er knytt til myr som naturtype. Myr er også leveområde for ei mengd andre artar og forvaltingsmålet for artar i Naturmangfaldlova (§ 5) må også vere ein del av det generelle vurderingsgrunnlaget når vedtak skal fattast i kommunane.

Naturmangfaldlovas miljørettsprinsipp (§ 8-12) vil vere viktig for å sikre at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg og for at eventuell nydyrking ikkje vil få store negative verknader på det biologiske mangfaldet. Prioriterte artar og naturtypar vil også få sitt "vern" gjennom tilhøyrande forskrifter etter naturmangfaldlova. Såleis skal bruken av naturmangfaldlova saman med forskrift om nydyrking sikre at dette tema vil verta godt vurdert i aktuelle nydyrkingssaker.

Dyrkingsteknikk og grøfting

I staden for eit forbod mot nydyrking av myr bør det setjast restriksjonar. Ein bør sjå om det finnast alternative stader enn myr for nydyrking innafor eigedommen eller ved tilleggsjord. Dersom dette ikkje er mogleg bør sjølve nydyrkinga av myr gjerast med meir klimavenlege metodar. Det finnast ulike metodar som til dømes vending av myr med torva ned og mineraljord øvst. Her bør det lagast ein rettleiing for nydyrking av myr. Grunnlagstala om klimagassar frå myr som står i høyringsbrevet og Stortingsmelding nr 39 er grove anslag og prega av usikre tal. Her bør arbeidet med å kvantifisere klimagassar frå myr dyrking forsetje, og ein bør setje inn ressursar på vidareutvikling av meir klimavenlege metodar for nydyrking av myr.

Dersom det vert strengare reglar for å få nydyrke myrjord bør det vurderast tilskott til grøfting av vassjuk jord. Det vil i mange tilfelle vere stort potensiale i avlingsauke ved å betre dreneringa.

Innspel til foreslått forskriftsendring:


§3: Her bør det framleis vera **30 år** unytta som definisjon på kva som reknast som nydyrking.


§6 nytt fyrste ledd: Denne endringa er vi ueinig i. Vi ynskjer ikkje at det skal verte totalforbod mot nydyrking av myr. Det kan vere avgjerande for gardsbrukets utvikling og økonomiske framtid at det vert tillete å dyrke opp myrjord. Myr er ein viktig reserve for mange gardsbruk og dermed for norsk matproduksjon.

Dersom det skal setjast restriksjonar på nydyrking av myr, bør dette vurderast i kvart enkelt høve;

- korleis nydyrkinga kan gjerast på enkeltbruket som ynskjer å nydyrke
- kva konsekvensar nydyrkinga vil få
- om det finst alternative stader for oppdyrking eller kan nyttast meir klimavenlege dyrkingemetodar

Med helsing


Åse Vaag
Ass. Landbruksdirektør


Svanhild Aksnes
Fylkesagronom i Husdyr